



## Notat

Dato: 07.02.2018  
Arkivsak: 2017/17708-12  
Saksbehandlar: hanespe

---

**Til:** Nina Gjester Hoel

---

**Frå:** Hanne Espe

---

### Innspel til planprogram Bømlo kommune

Bømlo kommune har bede om innspel på planprogrammet til KPA og KPS. Programmet er grundig utarbeidd og detaljert på eit overordna nivå og viser tydeleg korleis dei ønskjer at planane skal bli. Det er også tydeleg at dei ønskjer at dette skal vere gode verktøy for kommunen i sitt arbeid.

Nokre grunnleggjande prinsipp vert vidareført, og Hordaland fylkeskommune er positiv til dette og samd i vurderinga om å utvide begrepet integrering til inkludering, som vil gje breiare definisjonar og omfatte fleire relevante målgrupper.

I kapittelet om medverknad er det lagt opp til gode prosessar med definerte mål og metodar. Hordaland fylkeskommune ønskjer å skryte av kor stor vekt kommunen legg på dette tema i planprogrammet og er positiv til den gode planen for- og måla for medverknad.

Hovudmåla er breie, men konkrete. Kanskje kan det leggjast til litt i første mål?

A. Framtidsretta bustadbygging og anleggsutvikling

Elles ber hovudmåla preg av at innbyggjarane er i fokus og har eit overbyggande folkehelseperspektiv.

Særleg er punktet om digitalisering viktig i utviklinga av ein framtidsretta kommune.

Hordaland fylkeskommune ser fram mot å få samfunnsdel og arealdel på høyring.